



DEN NORSKE KYRKJA
Leikanger sokneråd

Leikanger, 19. oktober 2006

Kultur- og kyrkjedepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

dok 346

Kultur- og kyrkjedep.	
Saks	<i>Ladebok 109 24.10.06</i>
Kode	<i>Ki-501</i>

HØYRINGSFRÅSEGN STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA

Viser til dykkar brev frå 24. april 2006, og sender vedlagt Leikanger sokneråd si høyringsfråsegn om tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja. Leikanger sokneråd, 6863 Leikanger er ein eittsokns kommune i Bjørgvin bispedøme. Saka vart handsama i Leikanger sokneråd 16. oktober 2006, saksnummer 41/06.

Med helsing

Marit H. Nesse

Marit H. Nesse
-dagleg leiar-

Vedlegg

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: **Leikanger sokneråd, 6863 Leikanger. Bjørgvin.**

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd og kirkelig fellesråd (eittsoknskommune)
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Dei overordna prinsippa bør vere

1. Jamstelling mellom trus- og livssyn
2. Trus- og livssynssamfunn (inkludert den norske kyrkja) sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære
3. Ein aktiv støttande statleg religionspolitikk

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette (**1 røyst**)
- Bør avvikles (**5 røyster**)
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven (**1 røyst**)
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget (**5 røyster**)
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift (**5 røyster**)
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift (**1 røyst**)
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag (**6 røyster**)
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

Ingen tillegg

De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene

Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget **(6 røyster)**

Det humanistiske verdigrunnlaget

At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke **(6 røyster)**

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) **(6 røyster)**

Kommunen

Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret **(6 røyster)**

Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret

Vet ikke / ønsker ikke å svare

Tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja
Høyringsfråsegn frå Leikanger sokneråd, Indre Sogn prosti,
Bjørgvin bispedøme
16.10.2006

Spørjeskjemaet med 8 spørsmål er utgangspunktet, nummereringa følgjer spørjeskjemaet.

Ved avstemminga i Leikanger sokneråd var det eit fleirtal og eit mindretal. Eitt medlem går inn for å halde på Statskyrkja slik ho er i dag, men om resultatet vert ei kyrkje organisert tilnærma Gjønnnes-utvalet sitt alternativ 2, vil vedkommande støtte innhaldet i dette høyringssvaret.

Innleiing

Leikanger sokneråd vil at desse punkta skal vere med som grunnleggjande premiss for kyrkja sitt forhold til staten:

1. Den norske kyrkje ynskjer å vere ein bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.
2. Den norske kyrkje skal vere ein landsdekkande kyrkje. Det skal vere lik tilgang til gudstenester og til tenester som dåp, konfirmasjon, nattverd, vigsel og gravferd i heile landet. Ingen skal risikere å miste kyrkja si.
3. Den norske kyrkje må ikkje berre bli ei høgtidskyrkje, men også vere kvardagskyrkje. Ei kyrkje som møter folk der dei er og som er tilgjengeleg når folk treng den.
4. Den norske kyrkja må også i framtida vere open for alle kyrkja sine medlemmar og ha rom for ulik grad av trusengasjement og deltaking.

1. Overordna prinsipp som bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken:

Her støttar Leikanger sokneråd høyringsuttalen frå Bjørgvin bispedømeråd.

Dei overordna prinsippa bør vere

1. Jamstelling mellom trus- og livssyn
2. Trus- og livssynssamfunn (inkludert den norske kyrkja) sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære
3. Ein aktiv støttande statleg religionspolitikk

2. Den norske kyrkja som statskyrkje:

Leikanger sokneråd er delt i spørsmålet om statskyrkja bør opphevast eller halde fram som i dag (5 for å oppheve ordninga og 1 for å halde fram). Vi er her samde i Bjørgvin bispedømeråd sin uttale der det heiter: *...stør vi såleis konklusjonen til fleirtalet i Gjønnnesutvalet om at statskyrkjeordninga bør avviklast. Vi finn dette best i samsvar med prinsippa ovanfor, og trur ei slik nyordning vil leggje tilhøva betre til rette for ei offensiv, open og landsfemnande folkekyrkje, som kan tene Gud og folket og forhalde seg konstruktivt og kritisk til staten, utan at andre trus- og livssynssamfunn opplevere at dei vert diskriminerte.*

3. I kva lov bør Den norske kyrkja vere forankra?

Som konsekvens av to syn på spørsmål 2, er det òg to syn på spørsmål 3, om kva lov Den norske kyrkje bør vere forankra i (5 for eiga kyrkjelov vedteken av Stortinget og 1 for

grunnlova). Her er vi òg samde i Bjørgvin bispedømeråd sin høyringsuttale: *Ei lovforankra folkekyrkje vil vere sjølvstendig, men ho vil framleis stå i ein tett dialog med Staten. Gjennom eit formalisert tilhøve nedfelt i lovverket vil Staten aktivt kunne støtte folket sitt ynskje om å ha ei landsdekkjande kyrkje med kyrkjebygg og kyrkjeleg tilsette, som yter kyrkjelege handlingar og skipar til gudsteneste i i nærleiken av der folk høyrer heime. ...at ei særlov for Den norske kyrkja ikkje må regulere kyrkja si utnemning av eigne leiarar, men vere ei kortfatta rammelov, som sikrar og tydelegjer at om relasjonen til Staten vert annleis, så er Den norske kyrkja den same.*

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast?

Leikanger sokneråd er delt i synet på korleis Den norske kyrkja bør finansierast (5 går inn for finansiering gjennom støtte frå det offentlege og med noko medlemsavgift, og 1 som går inn for offentleg finansiering utan noko medlemsavgift.

Det er viktig med finansieringsordningar som sikrar like økonomiske vilkår for gudstenesteliv og kyrkjelege handlingar uavhengig av kor i landet ein høyrer heime og uavhengig av økonomien til den som ber om kyrkjelege handlingar. For å få til dette må staten ta hovudansvaret for finansieringa slik som i dag.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet være dersom statsordninga avviklast?

Leikanger sokneråd går inn for at valordninga bør vere som i dag (6 røyster).

Fleirtalet i Gjønnestutvalet omtalar valordningane som "ein internkyrkjeleg utfordring" og såleis legg dei ikkje fram konkrete framlegg til endringar.

Her støttar vi bispedømerådet når dei klart meiner at ei ny kyrkjeordning bør styrke soknet si stilling, og ein vil difor ikkje gå inn for at fellesråd vert valde ved direkte val.

6. Dersom statskyrkjeordninga avviklast, kva bør i så fall stå i §2 (eller i ein anne §) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfridom ?

Leikanger sokneråd: 6 for Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
6 for at Den norske kyrkje er ei evangelisk-luthersk kyrkje

7. Kven bør ha ansvar for gravferdsforvaltninga?

Leikanger sokneråd meiner at kyrkja bør ha ansvaret for gravferdstenestene som i dag (6 røyster). På landsbasis vert 94% av gravferdene utført av den norske kyrkja, (utanom byane er talet ennå høgare), og kyrkjelege fellesråd har i løpet av dei siste 10 åra hatt ansvaret for gravferdsforvaltninga. Det syner seg at kyrkja har vore godt i stand til å utføre denne oppgåva på vegne av innbyggjarane.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga ?

Leikanger sokneråd er samla i synet på at den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygget og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. Det at soknet har eigedomsretten til kyrkja syner soknet som grunneininga i kyrkja.

Vi støttar fleirtalet i Gjønnestutvalet sin framlegg om å vurdere ei sterkare statleg finansiering av freda og verneverdige kyrkjer. Vi stør òg framlegget om nærare vurdering av eigarskap til dei freda og verneverdige kyrkjene som ikkje fungerer som soknekyrkjer.